

Eksamen

14. november 2016

BAT1001
Produksjon

Programområde: Bygg- og anleggsteknikk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som ein kan bruke til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Alle kjelder som vert brukt til eksamen, skal du informere om på ein slik måte at sensor kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal opplyse om forfattarnamn og heile tittel på både lærebøker og anna litteratur. Dersom du bruker avskrift eller sitat frå nettsider, skal du informere om heile adressa og nedlastingsdatoen.</p>
Informasjon om vurderinga	I vurderinga av eksamenssvaret er det den heilskapelege kompetansen til eksamenskandidaten som vert vurdert, ut frå korleis kompetansen er skildra i måla i læreplanen og slik han konkret kjem til syne gjennom eksamenssvaret.
Andre opplysningar	Oppgåva består av 6 hovudoppgåver. Alle oppgåvene vert vektlagt likt. Oppgåve 1 A skal ikkje verte vektlagt i vurderinga.

Innleiing

Du er lærling i eit entreprenørfirma som utfører arbeidsoppdrag innan det fagområdet du har tenkt å utdanne deg i. Samarbeid på tvers av yrkesgrupper er ein viktig faktor for at eit bygg- og anleggsprosjekt skal bli vellukka.

Oppgåve 1

Du har fått i oppdrag å utføre eit arbeidsoppdrag i faget ditt. Vel arbeidsoppdrag sjølv. Planlegging er ein viktig del av prosessen.

- A. Kva for eit fag vel du å løyse oppgåva ut frå?
- B. Set opp ei detaljert verktøy- og utstyrsliste ut frå yrkesvalet ditt. Lista skal vere i samsvar med eit konkret arbeidsoppdrag du skal utføre.
- C. Beskriv kva for materialar du treng for å utføre det valde arbeidsoppdraget.
- D. Du mottar bestilte materialar frå ein leverandør. Korleis vil du lagre dette, og kontrollere at kvaliteten er i samsvar med bestillinga?
- E. Du oppdagar feil og manglar ved leveransen av dei mottatte materiala. Korleis vil du løyse dette?

Oppgåve 2

- A. Ut frå det valde arbeidsoppdraget ditt, beskriv arbeidsprosessen frå starten til han er ferdig.
- B. Korleis kan vi detaljstyre og samordne framdrifta av oppdraget?
- C. Lag ein enkel framdriftsplan for det valde arbeidsoppdraget ditt.

Oppgåve 3

Sikrings- og sikkerheitsarbeid på byggeplassen er sentralt.

- A. Kva for personleg verneutstyr ser du som relevant innan ditt fagområde?
- B. Du får eit nytt verktøy eller ein ny arbeidsreiskap. Kva skal du som brukar dette sette deg inn i før det vert tatt i bruk?
- C. Kva for kurs er det krav om for å bruke maskiner og verktøy innan det valde fagområdet ditt?

Oppgave 4

- A. Nømn nokre lover, forskrifter og standardar som er aktuelle innan ditt fagområde.
- B. Kjemikalier, oljer, løysmiddel og vesker vert levert med produkt- og datablad. Kva tyder dette?
- C. Kva assosierer du med toleransekrav innan det valde fagområdet ditt? Vis med eksempel.

Oppgave 5

Du har fått i oppdrag å kontrollere lengde- og breidde mål, diagonalen og toppen på ei ferdigstøyt betongplate på mark, for eit rektangulært bygg der måla er:

Lengde = 8000mm

Breidde = 4000mm.

Ved hjelp av ein planlaser skal du sjekke høgda på den ferdigstøypte betongplata. Du set målestanga i kvart hjørne og les av følgjande mål på målestanga:

- Hjørne A = 1540 mm
- Hjørne B = 1551 mm
- Hjørne C = 1550 mm
- Hjørne D = 1539 mm

- A. Kva for eit hjørne er lågast?
- B. Kva er differansen mellom det lågaste og det høgaste punktet?
- C. Vis med matematisk formel korleis du reknar ut diagonalen på den støypte betongplata.
- D. Kor lang blir diagonalen i millimeter på denne betongplata?

Oppgave 6

Å kunne livreddande førstehjelp kan vere avgjerande i ein ulukkesituasjon. Du finn ein person som har falle om på arbeidsplassen din, og som tilsynelatande er medvitslaus.

- A. Korleis vil du sikre at personen har frie luftveggar?
- B. Korleis vil du utføre hjarte- lungeredning? Beskriv rutiane rundt dette.
- C. Kva er nødvendig for å bruke ein hjartestartar på ein livlaus person?
- D. Kva for instansar har dei ulike nødnummera?
 - 110
 - 112
 - 113

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	Alle kilder som blir brukt til eksamen, skal oppgis på en slik måte at sensor kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatternavn og hele tittelen på både lærebøker og annen litteratur. Dersom du bruker avskrift eller sitat fra nettsider, skal hele adressen og nedlastingsdatoen oppgis.
Informasjon om vurderingen	Ved vurdering av besvarelsen er det eksaminandens helhetlige kompetanse, slik den er beskrevet i læreplanens mål, og slik den konkret kommer til syne gjennom eksaminandens besvarelse, som skal vurderes.
Andre opplysninger	Oppgaven består av 6 hovedoppgaver. Alle oppgavene vektlegges likt. Oppgave 1 A skal ikke vektlegges ved vurdering.

Innledning

Du er lærling i et entreprenørfirma som utfører arbeidsoppdrag innen det fagområdet du har tenkt å utdanne deg i. Samarbeid på tvers av yrkesgrupper er en viktig faktor for at et bygg – og anleggsprosjekt skal bli vellykket.

Oppgave 1

Du har fått i oppdrag å utføre et arbeidsoppdrag i faget ditt. Velg selv arbeidsoppdrag. Planlegging er en viktig del av prosessen.

- A. Hvilket fag velger du å løse oppgaven ut i fra?
- B. Sett opp en detaljert verktøy - og utstysliste ut i fra ditt yrkesvalg. Listen skal være i henhold til et konkret arbeidsoppdrag du skal utføre.
- C. Beskriv hva slags materialer du trenger for å utføre det valgte arbeidsoppdraget.
- D. Du mottar bestilte materialer fra en leverandør. Hvordan vil du lagre dette, og kontrollere at kvaliteten er i henhold til bestillingen?
- E. Du oppdager feil og mangler ved leveransen av de mottatte materialene. Hvordan vil du løse dette?

Oppgave 2

- A. Ut i fra ditt valgte arbeidsoppdrag, beskriv arbeidsprosessen fra oppstart til ferdigstillelse.
- B. Hvordan kan vi detaljstyre og samordne fremdriften av oppdraget?
- C. Lag en enkel fremdriftsplan for ditt valgte arbeidsoppdrag.

Oppgave 3

Sikrings - og sikkerhetsarbeid på byggeplassen er sentralt.

- A. Hvilke personlig verneutstyr anser du som relevant innen ditt fagområde?
- B. Du får et nytt verktøy eller arbeidsredskap. Hva skal du som bruker av dette sette deg inn i før dette anvendes?
- C. Hvilke kurs kreves for å benytte maskiner og verktøy innen ditt valgte fagområde?

Oppgave 4

- A. Nevn noen lover, forskrifter og standarder som er aktuelle innen ditt fagområde.
- B. Kjemikalier, oljer, løsemidler og væsker leveres med produkt – og datablader. Hva menes med dette?
- C. Hva forbinder du med toleransekrav innen ditt valgte fagområde? Vis med eksempel.

Oppgave 5

Du fått i oppdrag å kontrollere lengde - og breddemål, diagonalen og toppen på en ferdigstøpt betongplate på mark, for et rektangulært bygg hvor målene er:

Lengde = 8000mm

Bredde = 4000mm.

Ved hjelp av en planlaser skal du sjekke høyden på den ferdigstøpte betongplaten. Du setter målestangen i hvert hjørne og leser av følgende mål på målestangen:


- Hjørne A = 1540 mm
- Hjørne B = 1551 mm
- Hjørne C = 1550 mm
- Hjørne D = 1539 mm

- A. Hvilket hjørne er lavest?
- B. Hva er differansen mellom det laveste og høyeste punktet?
- C. Vis med matematisk formel hvordan du regner ut diagonalen på den støpte betongplaten.
- D. Hvor lang blir diagonalen i millimeter på denne betongplaten?

Oppgave 6

Å kunne livreddende førstehjelp kan være avgjørende i en ulykkessituasjon. Du finner en person som har falt om på arbeidsplassen din, og som er tilsynelatende bevisstløs.

- A. Hvordan vil du sikre at personen har frie luftveier?
- B. Hvordan vil du utføre hjerte – lungeredning? Beskriv rutinene rundt dette.
- C. Hva kreves for å benytte en hjertestarter på en livløs person?
- D. Hvilke instanser har de ulike nødnumrene?
 - 110
 - 112
 - 113



www.vigoiks.no/eksamen